

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

YMSE

Vedk. budsjettprosessen i HFK.

Styret for Fagskolen i Hordaland ser det som svært viktig å koma tidleg inn i budsjettprosessen til Hordaland fylkeskommune. Styreleiar tek kontakt med fylkesrådmann/fylkesordførar for ein dialog om saka. Styret ønskjer eit eige investeringsbudsjett for fagskolen.

Neste styremøte

Styremøtet i november blir i Fagskolen i Hordaland sine lokale på Nordnes.

Gjennomgang av rekneskapen for Fagskolen i Hordaland.

Rektor og fagleiar gjekk gjennom rekneskapstala for 2017. Det ser pr d.d. ut til at rekneskapen vil gå i balanse, men det er framleis ein del usikre faktorar m.a. auka kostnader til helsefag/nye utdanningar. Det har vore god søknad til ledige undervisningsstillingar.

Styret for Fagskolen i Hordaland tok orienteringa til etterretning.

Vedk. PS25/18 Kvalitetsmelding for Fagskolen:

Styret ser det som svært uheldig at svarprosenten er låg, og ber rektor ta initiativ for å få på plass betre rutinar vedk. spørjeundersøkinga. Styreleiar vil delta på skulebesøk.

Profilering av Fagskolen i Hordaland

Styret v/styreleiar vil ta initiativ overfor skuleeigar i høve til ei endå betre profilering og synleggjering av fagskolen.